

## Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs Konge,

*gjer kunnigt:*

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1946.

Sanering og opprydding i dei tilhøva som krigen og okkupasjonen hadde ført med seg, og arbeidet med å omskipa og få skikk på alle greiner av samfunnslivet har haldi fram på dei områda der det ikkje var fullført i året 1945. Dermed er det lagt eit viktig grunnlag for atterreisings- og nyreisingsarbeidet, og det har og komi i gang i stendig større omfang. Arbeidet med å retta på mis- høve og tilfellege og urimelige forskyvningar — serleg på det økonomiske området — som krigen hadde valda, har like eins i stor mon merkt det året som gjekk. Dette har hatt mykje å seia, serleg for den økonomiske utviklinga, som ein stort sett må seia har vori fullnøyande, og til dels betre enn ein i forevegen kunne ha venta.

Stabiliseringspolitikken har gjort det mogleg å halda på herredømet over dei ymse økonomiske tilhøva, og hindra nye tilfellege og ukontrollerte forskyvningar i desse tilhøva. Som ei fylgje av dette har det stort sett vore rolege og ordna tilhøve i arbeids- og næringslivet. Som ein led i stabiliseringspolitikken har den offentlege prispolitikken vori merkt av strevet etter å halda prisar og levekostnader mest mogleg stabile. Med priutjamning og beinveges pristilskot til ei rad viktige varer har dette lati seg gjera.

### Pengemarknaden og valuta- kursane.

I dei første månadene av 1946 vart det gjort tiltak som festa rentehøgda for langtidslåna til Staten på  $2\frac{1}{2}$  prosent. Som ein lekk i desse tiltaka sette Noregs Bank ned diskontoen til  $2\frac{1}{2}$  prosent den 8 januar 1946, og like etter sette bankane ned innlåns- og utlånsrenta. Ved lov frå 28 juni 1946 vart det fastsett at Staten skulle ta på seg skyldnaden til å betala

attende dei låna som Finansdepartementet i Oslo hadde teki opp medan landet var hersett, men samstundes vart det slegi fast at Staten ikkje var bunden av vedtaka i lånekontraktene. I samhøve med dette vart renta for alle krigslåna sett ned til  $2\frac{1}{2}$  prosent frå 1 juli 1946, så desse låna kunne forrentast i samsvar med rentehøgda elles. Mange av låna er seinare tilbakebetalte, oftast mot konvertering i nye faste statslån. Renta for statsveksellån er sett monaleg ned, og tildelingsreglane er skjerpa. Marknaden for statsobligasjonslån er no stabilisert, og renta ligg mellom  $1\frac{1}{2}$  prosent og  $2\frac{1}{2}$  prosent etter laupetida for låna. Statsvekselrenta er  $\frac{1}{2}$  prosent til 1 prosent for året etter som vekslane er på 6 eller 12 månader. Likviditeten har vore stor nok til å halda dette rentenivået, og har og vori stor nok til å møta dei krav som den auka verksemda i næringslivet har ført med seg.

Setelomlaupet, som ein ved pengeinnløysinga hausten 1945 hadde fått ned på eit svært lågt nivå, har i heile 1946 hatt lag til å stiga. Denne stigninga heng noko saman med at verksemda i næringslivet har auka sterkt, og dette tilhøvet speglar seg òg av i den sers store oppgangen i utlån frå og diskonteringar i bankane.

Innskota i aksje- og sparebankane syner ein noko meir ujamn tendens. Frå 15 mai 1946 er alle riksinnskota førde over til Norges Bank. Innskotsmengda i bankane kjem derfor til å syna noko nedgang i året. Men ser ein bort frå riksinnskota, har innlåna i bankane gått opp.

Kursane på pund og dollar har vori faste med kroner 20 for pund og kroner 4,97 for dollar. Da den svenske krona vart oppskrive i juli, steig kursen på svenske kroner frå 118,55 til kroner 138,30. Det internasjonale Valutafondet har fått melding om at pariverdet av den norske krona basert på valutakursane 25 oktober 1945 og ein gullpris på ein unse = 35 dollar er: 1 krone = 0,179067 gram gull, og det gjev ein dollarkurs på 4,97 og ein pundkurs på 20.

### Utanrikshandelen.

Utanrikshandelen vår har stort sett gått betre enn ein i førevegen kunne ha venta seg. Dette gjeld serleg utførsla. Arbeidet med å vinna att gamle marknader, som krigen har stengt landet ute frå, har haldi fram, og handelssambandet er atterskipa med ei rad land. Dei nye tilhøva gjer likevel at sume viktige marknader i nokon mon har falli bort. Dette har serleg valda vanskar for gruveindustrien. På andre område blir storleiken på utførsla avgrensa av kor mykje det er mogleg for landet sjølv å tilverka og levera, med di det har vori avsetnad på alt som kunne bli sett til rådvelde for sal til utlandet. Serleg treforedlingsindustrien har, på grunn av knapp råvaretilførsle, vori hindra i å dra full nytte av dei gode konjunkturane ute i verda. Jamvel med dei vanskane det såleis har vori, har det lykkast å auka utførsla monaleg. Dette gjeld serleg verdetalane for utførsla, for prisane på dei varene landet har hatt å selja, må stort sett seiast å ha vori svært bra.

Innførsla har vori merkt av at landet har ført inn noko meir av produksjonsmiddel i 1946 enn det gjorde i tida frå frigjeringa og ut året 1945. Det har likevel ikkje lykkast å auka den parten produksjonsmidla har i totalinnførsla, meir enn det alt var gjort ved årsskiftet. Det heng i hop med dei vanskelege forsynings- og leveringsvilkåra ute i verda. Råvarer har òg vori ein større del av totalinnførsla i 1946 enn i siste halvåret av 1945, medan innførsla av forbruksvarer i dette året er ein mindre del av totalinnførsla. Dette heng saman med at det vart slutt på dei omframkjøpa av forsyningar som ein gjorde den første tida etter frigjeringa. Prisutviklinga på verdsmarknaden må seiast å ha gått tilfredsstillande, for det realøkonomiske bytetilhøvet med utlandet er totalt sett haldi oppe jamført med førkrigstida, og til dels har det endatil betra seg noko. Den store prisstigninga på verdsmarknaden skapar likevel store vanskar for den indre økonomien i landet. I månadene januar—oktober var innførsla i alt på 1 514 millionar kroner og utførsla på 981 millionar kroner. Etter dagsprisane er såleis verdet av utanrikshandelen vår i 1946 større enn nokon gong tidlegare. Mengdetala for inn- og utførsla gjev derimot eit bilete som ikkje er fullt så godt. Med 1938 = 100 kan ein for siste månaden i året truleg setja innførsla til om lag 85—90 og utførsla til om lag 70. Tar ein omsyn til at atterreisinga og nyreisinga har auka varetongen sterkt, er det såleis enno langt att til vi har fått heile utanrikshandelen vår høgt nok opp.

### Jordbruket.

Åkervidda har gått noko tilbake jamført med krigsåra. Etter førebels oppgåver er likevel haustavkastninga alt i alt noko større i 1946 enn i 1945. Men kvaliteten av avlinga har ikkje vori like god på alle område. Frukt-hausten var god. Husdyrtalet er attar på veg oppover etter nedslaktinga i krigstida, og det har auka på med produksjonen av husdyrvarer. Det er i året lagt mykje på dei fleste prisane på jordbruksvarer.

### Skogbruket.

Avverkninga i 1945—46 vart mykje mindre enn planlagt. I nokon mon kom dette av skort på arbeidshjelp, men også andre årsaker spela inn. Men for driftstida 1946—47 er vonene gode. Til den 15 desember kunne ein rekna med at det var hoggi 2,4 millionar kubikkmeter. Vokstertilhøva i 1946 var bra, med rikeleg nedbør i vokstertida.

### Fisaket.

Det har stort sett vori eit bra år for fiske-næringa. Serleg kasta torskefisket i Lofoten uvanleg mykje av seg. Dei vanskelege tilhøva i Finnmark da torskefisket gjekk føre seg der våren 1946, førde derimot til at fiskefengda ikkje vart så sers stor. Feitsild- og småsildfisket utover hausten har like eins vori ringt. Alt i alt reknar ein likevel med at verdet på første hand av dei mengdene som er fiska i 1946, er om lag 200 millionar kroner.

### Kvalfangsten.

Sidan kvalfangstflåten vart så sterkt redusert i krigstida, kunne Noreg vera med i Sørhavet med berre 6 flytande koker i fangstbolken 1945—46. Fangsten vart ikkje så stor som ein venta. Alt i alt vart det laga 521 000 fat olje, som vart seld til sers god pris. Fangsten vart driven for sams rekning av alle norske kvalfangstlag som var med i Sørhavfangsten 1939—40.

For tida blir bygd 3 nye kvalkoker.

### Industrien.

Industriilverknaden har auka tolleg mykje i dette året, og produksjonsindeksen er totalt sett komen høgre enn han var jamt over dei siste åra før krigen. Men dette kjem i nokon mon av at det er så mykje arbeid i jernindustrien, noko ein må tru verkar sterkare på indeksen i det heile enn produksjonsauken skulle tyda på. Det har auka monaleg på med tilverknaden i dei fleste industrigreiner, men utførsleindustrien, bergvergs-, treforedlings- og den metallurgiske industrien, ligg på

mange område enno tilbake. Serleg låg er tilverknaden i dei viktige utførsleindustriane bergverk og treforedling.

#### Skip sferds la.

For skipsferds la har det vori laglege tilhøve. Det har vori ovstor etterspurnad etter tonnasje av alle slag og på alle område til svært gode frakter. I juni 1946 vedtok Stortinget oppgjeret med reiarane for bruken av skip som regjeringa rekvirerte i krigstida. Pr. 31 desember 1946 var det gjevi lovnad om valutatil delingar for nykontraheringar på i alt 2 121 millionar TDW til ein byggesum på i alt 1 697 millionar kroner. Dertil er det gjevi lovnad om valutatil deling til å kjøpa skip frå utlandet til ein sum på i alt 219 millionar kroner. I desse tala er da berre medrekna dei lovnader som i dag er aktuelle. Pr. 1 januar 1947 er den norske handelsflåten på om lag 3 300 000 bruttotonn. Flåten har sidan frigjeringa auka med om lag 570 000 bruttotonn.

#### Bustad bygging a.

Utviklinga i dei krigsherja stroka er grundig drøfta i Stortingsmelding nr. 35. Svikten i tilverknaden og serleg i innførs la av byggefang har seinka gjennomføringa av byggeprogrammet. Ein viss skort på arbeidshjelp, serleg faglærde arbeidarar, har òg skapt vanskar for byggeverksemda. Da året gjekk ut, var det gjevi lisens for byggefang til å byggja i alt om lag 14 000 bustader. Ein reknar med at kring 10 000 av desse er bygd ferdige før året er ute. Den norske Stats Husbank har teki til å verka. Til den 31 desember 1946 var det frå dei private bankane innmeldt til Husbanken 2 000 løyvde byggelån. Den permanente atterreisinga i Finnmark går føre seg utanom denne skipnaden og kjem såleis i tillegg. Ein må dessutan rekna med at sume har greidd med byggelån utanom den overgangsskipnaden som var avtala mellom Husbanken og dei private bankane, men at dei seinare kjem til å søkja om å få konvertera byggelåna i Husbanken.

Lov om oreigning og byggeforbod og lov om atterreising av krigsherja område har teki til å gjelda.

#### Forsyning stilhøva.

Matforsyning a. Administrasjon har også i 1946 arbeid med å fordela dei viktigaste matvarer, kraftfor, såpe o. a. Den framgangen det var på dette området har haldi fram i 1946. Sume rasjoneringstiltak er tekne bort, såleis rasjoneringa av tobakk, appelsiner, bananar og norsk frukt, kjøtherme-

tikk og fiskehermetikk, te, kakao og ymse småvarer. Kaffirasjonen er auka. Mjøl- og brødrasjon og feittrasjonen hadde alt i 1945 nådd ein storleik som ein etter måten kunne vera nøgd med, og er halden på same høgd i 1946. Sukkerasjonen er enno etter måten liten, 200 gram til kvar person i veka. Tilgangen på norskproduserte landbruksvarer som mjølk, kjøt og ost har auka.

Vonene for denne forsyningstenesta er ikkje berre lyse. Det kjem framleis til å bli knapt om mjøl, feitt og sukker, slik at rasjoneringa av desse varene må stå ved lag.

Ein kan heller ikkje venta å få innført store nok mengder kraftfor, og det kjem derfor til å gå tolleg lang tid før ein får fullnøyande tilførsle av landbruksvarer.

Det har vori mange brot på rasjoneringsføresegnene i 1946, og det blir naudsynt å halda fram med tilsynet for å tryggja at varene blir likt bytte.

#### Råemne til industrien.

Etter tilhøva kan ein stort sett vera nøgd med tilgangen på råemne til industrien i 1946.

Det har komi nok tekstilråemne til landet, når ein ser bort frå visse slag fibermateriale. Men det har vori sers vanskeleg å få kjøpt garn frå utlandet. Produksjonen ved norske spinneverk ligg endå under vanleg tilverknad. Tekstilrasjoneringa står ved lag, men forsyningane til forbrukarane har betra seg monaleg i 1946.

Trass i forsyningvanskane kan ein stort sett vera nøgd med tilgangen på råvarer til hud-, skinn- og lerindustrien. Men det har skorta på visse slag overler, og på huder til slikt ler, og dette har ført med seg vanskar for skoindustrien. Av sko og fotty av gummi vart det i 1946 tilverka omlag 90 prosent av førkrigsproduksjonen, så forbrukarane har fått det romslegare etter kvart.

For kjemikaliar, kjemiske produkt m. v. var stoda vanskeleg som før. Dette galdt mange varer som er sers viktige for industrien. Det har komi for lite linolje til landet, og rasjoneringa på måling og andre påstrykningsmidlar som inneheld linolje, står ved lag.

Industrien, jarnvegane og skipsferds la har brukt monaleg mykje meir kol, koks og sinders enn i 1945. Likevel har det til denne tid stort sett lykkast å skaffa det som desse viktige veksemdene treng. Men nå har vi svært små lager, og ein lyt rekna med at tiletlingane må avgrensast i industrien med. Til husoppverming har ein berre kunna etla ut svært lite av innført fast brennefang.

Rasjoneringa på mineralolje, bensin ikkje medrekna, er avskipa.

### Sysselsetjing og arbeidsløyse.

Sysselsetjinga har auka stendig dette året, og arbeidsløysa har minka. Arbeidsløyseprosenten har i dei siste månadene legi på under 1. Den arbeidsløysa vi enno har, kjem noko av friksjonelle årsaker, og noko av at tilbod og etterspurnad ikkje dekkjer kvarandre med omsyn til stad og yrke. På mesta alle omkverve er det no ein tydeleg skort på arbeidshjelp.

### Lønningar.

Tariffrevisjonar har sett sitt merke på heile 1946. Ein kan rekna med at alle gjeldande tariffar vart oppsagde etter kvart som året leid, men revisjonen blir ikkje ferdig før ut i 1947. Eit generelt lønskrav frå Landsorganisasjonen vart lagt fram for Lønsmemnda, og ved den orskurden nemnda gjorde 7 juni, vart gjeldande dyrtidstillegg auka med 15 øre for timen. Tillegget skal betalast ut i tre omgangar med 5 øre kvart halvår frå 15 september 1946. Indeksregulering vart gjennomført i alle tariffar, med reguleringsbolkar på 6 månader mot 3 månader før. Ved sida av det ålmenne dyrtidstillegget etter hovudorskurden frå Lønsmemnda har ein fått gjennom mange betringar i løns- og arbeidsvilkår etter som tariffane har vore oppe til revisjon kvar for seg. Desse endringane vart gjennomførde ved friviljug semje, ved mekling eller ved orskurd frå Lønsmemnda. Betringane har serleg kome dei arbeidargruppene til gode som låg lengst tilbake i løn, men andre grupper har òg fått betre løns- og arbeidsvilkår, sume rett monaleg. Ny ferielønsskipnad vart vedteken i mai.

### Offentlege finansar.

Den finansielle stoda til kommunane betra seg mykje i krigstida, når ein ser alle under eitt, og er svært god no òg, endå om det kan vera ikkje so liten skilnad mellom dei einskilde kommunane. Ei førebels oversyn over den kommunale lånegjelda pr. 30 juni 1946 syner ein liten auke frå året før. På den andre sida er det, alt samanlagt, ein liten auke i kontantsummen dei ligg inne med, endå kommunane har lagt stor vekt på å setja i gang tiltak, og kommunale utgifter i det heile har stigi. Den pårekna inntekta ved kommunalskattelikninga er praktisk tala ikkje endra sidan inntektsåret 1943—44, og ei førebels oversyn for 1945 (skattåret 1946—47) syner ei lita stigning. I dei fleste kommunane har skatteprosenten hatt lag til å stiga.

Staten har fått utlogene sine auka sterkt etter krigen. Dette kjem først og fremst av kostnadene som fylgde med frigjeringa og

opprydjinga etterpå, utlogene til det investeringsprogrammet som heng saman med atterreisninga og oppbygginga i landet, og auken i pristilskotet både til utanlandske og innanlandske varer. Utgiftene til sosiale tiltak har og vaksi, mellom anna er alderstrygda sett monaleg opp, og ålmenn barnetrygd er sett i verk.

På den andre sida har statsinntektene stigi ikkje so lite. Tollen og fleire andre av dei viktigaste skattane og avgiftene har gjevi rett mykje større inntekter enn i dei seinste åra. Dette heng mellom anna saman med at ein har sett mykje opp avgiftene på sume luksusmerkte forbruksvarer.

I budsjettåret 1945—46 gjekk den faste statsgjelda ned med kring 140 millionar kroner, med di staten ikkje tok opp nye lån, men betalte avdrag etter kontraktene og løyste inn eitt lån. Tek ein omsyn til statsveksellåna, som ikkje har vori disponerte i statshushaldet, men står i Norges Bank på serskild konto, syner derimot statsgjelda ei stigning på 350 millionar kroner frå 30 juni 1945 til 30 juni 1946. Etter 1 juli 1946 er det teki opp eit nytt 2½ prosent innanlandsk statslån på 180 millionar kroner pr. 1 oktober, og pr. 15 januar 1947 blir det teki opp to nye innanlandske statslån, kvart på 160 millionar kroner, det eine til 2 prosent og det andre til 1½ prosent rente.

### Rørsla i folkemengda.

I dei første kvartala av 1946 er det etter dei meldingane som er komne frå sokneprestane, fødd 54 575 levandefødde born, og 21 857 personar er avlidne. Det gjev eit fødselsoverskot på 32 718. I same tidbolken var det 20 364 giftarmål. Den folkemengda som eig heime i landet, er ved utgangen av 1946 rekna til 3 121 000.

### Helsetilstanden.

Månadsoppgåvene over epidemiske og andre viktige sjukdomer for 1946 viser at ei rad sjukdomar som var sers vidspredde i krigstida, går sterkt tilbake. Dette gjeld serleg mage-sjukdomar, hudsjukdomar og difteri. Tuberkulosen, som ein ottast skulle loga opp som ei fylgd av krigen, syner framleis ikkje nemnande stigning. Etter det lækjarane melder, er dei veneriske sjukdomane sers vidspredde endå. I 1946 var det ikkje så lite influensa og lungebrann i dei første månadene av året, og kikhoste har gått som farang alle stader i landet, serleg i Akershus, Austfold og Hordaland. I januar—oktober 1946 har det vori 768 tilfelle av akutt poliomyelitt mot 638 i dei same månadene i 1945. Sjukdomen gjekk epidemisk serleg i Hedmark og Aust-Agder.

### Skule og opplæring.

Arbeidet i skulen har stort sett gått normalt, men ein merkar sterkt at det skortar på husrom og utstyr til skulane, serleg i krigsskadde landsluter. Sidan det er for få utdanna lærarar, er mange sette til mellombels i folkeskulen endå dei ikkje har den utdanninga som lova krev. Dette gjeld om lag 1 000 lærarpostar. Til 1 januar 1947 er det godkjent i alt 1 018 ekstraordinære yrkesopplæringskurs med 13 550 elevar tilsaman. Til dette kjem 10 000 elevar på 1 000 stuttare kurs for fjøsrøktarar, og 1 600 elevar som har fått yrkesopplæring ved skular og kurs i Sverige. Staten har sett i gang eller teki over 4 landsgymnas og 4 toårige realskular for bygdeungdom, og arbeidet er sett i gang på nybygget for Universitetet i Bergen.

### Rettsoppgjæret.

Pr. 1 oktober 1946 var etterrøkinga førd til ende i 2 103 lagmannsrettsaker (60 av dei galdt økonomisk landssvik). Det hadde falden i 813 av desse sakene. Tilsvarande tal for saker til herads- og byrettane var 11 169 (394) 6 825. Det var ferda ut førelegg på fridomsstraff i 1 727 saker. 23 av dei galdt økonomisk landssvik. I desse sakene vart førelegget ikkje

vedteki i 675 tilfelle. Tilsvarande tal for førelegg på andre straffer (bøter, tap av stilling m. v.) var 18 770 (1 210) 3 623. I 4 114 saker var påtale ikkje reist, og 13 654 saker var lagde bort fordi provet var slik at det ikkje var grunn til å reisa søksmål. I alt hadde påtalemaktene gjort seg ferdige med 51 536 saker. Av dei galdt i alt 1 774 økonomisk landssvik.

Det stod att å føra etterrøking i 362 lagmannsrettssaker. 60 av dei gjeld økonomisk landssvik. Av saker til herads- og byrettane stod det på same måten att 3 745. 800 av dei galdt økonomisk landssvik. Likeins stod det att 2 430 saker der det kjem til å bli utferda førelegg på fridomsstraff. Av dei har 535 med økonomisk landssvik å gjera. Av saker der det skal ferdast ut førelegg på andre straffer, står det att 13 399, og av dei gjeld 3 705 økonomisk landssvik. Endeleg reknar ein med at det ikkje blir reist påtale i 1 462 saker; 284 av dei gjeld økonomisk landssvik. I alt står det såleis att å fullføra etterrøkinga i 21 398 saker, og av dei gjeld 5 374 økonomisk landssvik.

I siste kvartalet av 1946 har rettsoppgjæret òg haldi fram om lag i same tempo, men for denne tida ligg det ikkje føre tal enno.

Gjevi på Oslo slott 10 januar 1947.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON

(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern